


Produktark: Vegetasjon

SKILDRING



Eit vegetasjonskart viser utbreiinga av vegetasjonstypar i eit område. Kartet gjev informasjon om artsfordeling, økologiske tilhøve og eigenskapar for ulike ressursbruk i utmark. Kartleggingssystemet består av 45 vegetasjonstypar og 10 andre arealtypar. Vegetasjonstypane er samla i 10 hovudgrupper. Under kartlegging blir det i tillegg brukt ei rekkje tilleggssymbol for å få fram viktig informasjon som ikkje ligg i skildringa av vegetasjonstypane.

FORMÅL/BRUKSOMRÅDE

Datasettet gjev detaljert oversikt over ressursgrunnlaget for verdiskaping innan næringer i utmark og fagleg grunnlag for avgjerder ved arealdisponering og interessekonfliktar.

EIGAR/KONTAKTPERSON

Norsk institutt for skog og landskap

Datateknisk: Seksjonsleder Geomatikk: Ingvild Nystuen, gisdrift@skogoglandskap.no

Fagekspert: Senioringeniør Utmark: Michael Angeloff, gisdrift@skogoglandskap.no

DATASETTOPPLØYSING

Målestokk: Datasettet er framstilt i målestokk 1:250 000 og er tilpassa bruk i målestokkar frå 1:100 000 til 1:300 000.

Kor nøyaktig er stadfestinga (meter): 10 - 15

UTSTREKNING

Utstrekning

Vegetasjonskart dekkjer omlag 10 prosent av hovudlandet.

Dekningsoversikt

Tilgjengeleg.

KJELDER OG METODE

Kartlegginga foregår som ein kombinasjon av synfaring i felt og tolking av flybilete ut frå nyansar i farge og struktur i biletet, og økologisk kunnskap. Kartleggaren ser på bileta gjennom eit stereoskop og får da landskapet fram tredimensjonalt. Ute i terrenget blir vegetasjonen klassifisert i typar og grenser teikna mellom desse.

Det er i dag i bruk to system for vegetasjonskartlegging: eitt for detaljert kartlegging (M 1:5 000-20 000) og eitt for oversiktskartlegging (M 1:20 000 - 50 000). Einingar frå det detaljerte systemet kan slåast saman til oversiktsnivå. Oversiktskartlegging vil i langt større grad enn detaljert kartlegging, vera basert på tolking og kikkertbruk.

I begge systema blir det bruka ei rekkje tilleggssymbol for å få fram viktig informasjon som ikkje ligg i typedefinisjonen som dekning av lav, vier, bart fjell, grasrik utforming m.m.

AJOURFØRING OG OPPDATERING

Uregelmessig

Status

Datasettet oppdateres kontinuerleg

LEVERANSE

Format (Versjon)

- SHAPE
- WMS (1.3.0)

Projeksjonar (nedlastbare data)

- UTM 32, EUREF89

Projeksjonar (WMS-tjeneste)

- UTM 32-35, EUREF89 & WGS84
- Geografiske koordinatar, EUREF89
- Web Mercator, WGS84

Restriksjonar på tilgang

[Datasettet](#) kan lastast ned i kommunevise filer frå Skog og landskap sine nettsider. Nedlasting krev ikkje lisens eller brukarnavn/ passord.

WMS-Teneste

<http://wms.skogoglandskap.no/cgi-bin/vegetasjon?>

WMS - Get Capabilities:

<http://wms.skogoglandskap.no/cgi-bin/vegetasjon?request=getcapabilities&service=wms>

OBJEKTTYPELISTE

Vegetasjonsflater avgrensa av vegetasjonsgrenser.

EIGENSKAPSLISTE

Egenskapar med presentasjonsreglar for kartlag:

Vegetasjonstypar:

Karakteristisk samling av artar i 45 klassar.

TYPE1_BESK: Eigenskap med kodenamn (tekst)

KARTLEGGIN_1: Eigenskap som kode

Hovudtypar:

Inndeling av artar i 10 hovudklassar.

HOVYDTYPE: Eigenskap som kodenamn (tekst)

KARTLEGGIN: Eigenskap som kode

Naturtypar:

Frå vegetasjonstype er det avleia 16 naturtypar eller klassar av biologisk mangfald.

NATURTYPE_: Eigenskap som kodenamn (tekst)

NATURTYP: Eigenskap som kode

Sauebeite – Eignatheit:

Kor eigna vegetasjonsfiguren er som sauebeite.

SAU_BESKRI: Eigenskap som kodenamn (tekst)

SAUBEITE : Eigenskap som kode

Storfebeite – Eignaheit:

Kor eigna vegetasjonsfiguren er som storfebeite.

STORFE_BESKRI: Eigenskap som kodenamn (tekst)

STORFEBEIT: Eigenskap som kode

Utforming:

Vegetasjonsfiguren si dominerande utforming om beite

BEITESKRAV_1: Eigenskap som kodenamn (tekst)

BEITESKRAV: Eigenskap som kode

Andre eigenskapar:

Kartsignatur (Kartsignat): Kartlag med kodeverdi frå vegetasjonskartlegginga som gjev grunnlag for å avleie andre eigenskapar.

Anna vegetasjonstype: Dersom kartsignaturen har to kodar blir den andre koden plassert i eige felt.

TYPE2_BESK: Eigenskap med kodenamn (tekst)

KARTLEGGIN_2: Eigenskap som kode

Modell for avleiing av sauebeite (BEITE_AVLE):

Viser om beiteverdi for sau er avleia frå lokal modell for området eller frå ein generell modell for samanheng mellom vegetasjonstype og beiteverdi.

Modell for avleding av storfebeite (BEITE_AV1):

Viser om beiteverdi for storfe er avleia frå lokal modell for området eller frå ein generell modell for samanheng mellom vegetasjonstype og beiteverdi.

REG_AAR: Årstal for vegetasjonskartlegging

KARTLEGGIN_3: Kode for kartleggingsetappe

FIGUR_ID: Løpenr i shapefila

LENKER

[Fagsider fra Skog og landskap](#)

[Kart fra Skog og landskap](#)

[Metadata på GeoNorge](#)